



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Løyve etter ureiningslova til drift av avfallsanlegg for Renovest IKS avd. Brunkeberg Åkragen

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16 og endra i medhald av §18.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar frå utsleppsløyve av 27.08.2002 og søknad om endra løyve den 8.2.2017 og 26.01.2021.

Dette dokumentet er ajourført 02.05.2022 og erstattar tidlegare dokument.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Verksemd	Renovest IKS
Gateadresse	Oredalsvegen 63, 3850 Kviteseid
Postadresse	Oredalsvegen 63, 3850 Kviteseid
Kommune og fylke	3850 Kviteseid, Vestfold og Telemark
Org. nummer (verksemd)	980298019
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, øst: 472364, nord: 6589940
Gards- og bruksnummer	Gnr. 87/bnr. 11, Kviteseid
NACE-kode og bransje	38.110 Innsamling av ikke-farlig avfall
Kategori for verksemd ¹	

Statsforvaltaren sine referanser

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2022.0094.T	3821.0015.04	2018/333

Løyve gitt første gong:	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
27.08.2002	02.05.2022	02.05.2022
Siv Hege W. Grøvo fagsjef	Anne-Lene Lundsett senioringeniør	

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

¹ Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) av 06.01.2004, nr. 931, kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar
0			Revisjon av heile løyvet i tråd med gjeldande mal. Det er endra krav bl.a. til; <ul style="list-style-type: none">• Handsaming av avfall• Utsleppskontroll• Beredskap• Rapportering



Innholdsliste

1 Rammer for løyve

1.1 Løyve gjeld for

Løyvet gjeld forureining ved Renovest IKS sitt avfallsanlegg i Ordalsvegen 63 (gnr. 87/bnr.11) i Kviteseid kommune.

Løyvet omfattar forureining frå følgjande aktivitetar:

- Mottak, sortering og mellombels lagring av ordinært avfall frå hushald og næring
- Mottak, sortering og mellombels lagring av EE-avfall frå hushald og næring
- Mottak, sortering og mellombels lagring av farleg avfall frå hushald og næring
- Pressing av hushaldsplast, papp, papir og restavfallsfraksjoner frå hushald og næring
- Kverning av trevirke, jf. pkt. 1.1.2

Løyvet gjeld for mottak av inntil 15 000 tonn ordinært avfall, frå hushaldingar og næring og 500 tonn farleg avfall pr. år.

1.1.1 Avfallstyper, mengder og lagringstid

Type avfall	Avfallsfraksjonar	Avfallstoffnr.	Maksimal mengde	Maksimal lagringstid	Lagringsstad
Ordinært avfall	Blanda usortert avfall			3 dagar	Tett* dekke og klimavern
	Sortert avfall			12 månader	Fast dekke og klimavern
	Våtorganisk			5 dagar	Fast dekke og tett container med lokk
	Rent trevirke	1141		12 månader	Fast dekke og klimavern
	Overflatebehandla trevirke	1142		12 månader	Tett dekke og under tak eller med klimavern
	Flis frå reint trevirke	1141		3 månader	Fast dekke og klimavern
	Flis frå overflatebehandla trevirke	1142		3 månader	Tett dekke og under tak eller med klimavern
	Fritidsbåtar, inntil 15 fot		Inntil 10 stk.	12 månader	Fast dekke
	Campingvogner		Inntil 10 stk.	12 månader	I tråd med avfallsforskrifta kap. 4 med vedlegg
	Park- og hageavfall			6 månader	Fast dekke
EE-avfall		1599		6 månader	Fast dekke og egna tett konteiner som kan låsast
Smittefarleg avfall		1801 og 1802		28 dagar	Tett dekke, innandørs i egna rom og egna emballasje

Tillatelse nr. 2022.0094.T

Tillatelse gitt: 02.05.2022 | Sist endret: 02.05.2022

*Med tett dekke menes fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke for de aktuelle materialer/avfallstyper, jf. oppdatert mal fra Miljødirektoratet 2022.



Type avfall	Avfallsfraksjonar	Avfallstoffnr.	Maksimal lagringstid	Lagringsstad
Farleg avfall	Impregnert og CCA-impregnert trevirke	7154 og 7098	6 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Flis frå impregnert og CCA-impregnert trevirke	7154 og 7098	6 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Avfall med ftalater	7156	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Vindauge som inneheld klorparafiner	7158	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Vindauge som inneheld PCB	7211	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Asbest	7250	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Maling, lim og lakk	7051-7053	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Sprayboksar	7055	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Batteri	7093 og 7094	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Brannsløkkingsapparat		12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Spillolje	7011 og 7012	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Oljefilter	7024	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Drivstoff/fyringsolje	7023	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Oljeemulasjonar	7030	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Surt og basisk organiske avfall	7134 og 7135	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Syrer og baser, uorganiske	7131 og 7132	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Avfall med bromerte flammehemmere	7155	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern
	Isolasjon med KFK/HKFK	7155	12 månader	Tett dekke og innandørs/klimavern

Løyvet gjeld ikkje for:

- Radioaktiv avfall
- Eksplosivt avfall
- Medisinar
- Slam
- Forureina jord- og steinmassar

1.1.2 Kverning av avfall

Verksemda kan kverne følgande typar avfall

- Reint trevirke
- Overflatebehandla trevirke
- Impregnert trevirke

Tillatelse nr. 2022.0094.T

Tillatelse gitt: 02.05.2022 | Sist endret: 02.05.2022

*Med tett dekke menes fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke for de aktuelle materialer/avfallstyper, jf. oppdatert mal fra Miljødirektoratet 2022.



- Park og hageavfall

1.2 Driftstider

Det er tillatt drift ved verksemda;	måndag- fredag	kl.06.00-23.00
	laurdag	kl.07.00-15.00

Det skal normalt ikkje vere drift ved anlegget på sundagar, offentleg heilagdagdar eller høgtidsdagdar.

Ved ekstraordinære forhold, som innsamling av avfall frå hytterenasjon i høgtider og avfall frå ulike større messer, konsertar o.l., kan det vere drift ved verksemda på sundagar, offentlege heilagdagdar eller høgtidsdagdar. Dette skal haldast på eit minimumsnivå.

Med drift meiner ein all handtering av containerar, omlasting eller annan arbeid som vil føre til støy. For innandørs vedlikehaldsarbeid og anna lettare vedlikehaldsarbeid som ikkje gir støybelastning av betydning til omgjevnaden gjeld ikkje av tidsramma over.

1.3 Oversikt

Verksemda skal ha kart som viser kvar dei ulike typane avfall vert lagra på anlegget.

Eigendomen skal være sikra mot uvedkommande.

Verksemda skal ha oversikt og teikningar som viser nett for leidningar, kummar, innretningar for reinsing, punkt for utslepp o.l.

1.4 Tiltak for nærmiljøet

Verksemda må hindra spreiding av flygeavfall frå anlegget til nærmiljøet. Det må etablerast rutinar for opprydding av skjemma avfall på anlegget og nær verksemda.

Verksemda må vurdere å setje inn tiltak for å hindre at fugl og skadedyr trekkast mot anlegget og avfallet.

2 Generelle vilkår

2.1 Avgrensingar for utslepp

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er venta å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlingen, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet

Tillatelse nr. 2022.0094.T

Tillatelse gitt: 02.05.2022 | Sist endret: 02.05.2022

*Med tett dekke menes fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke for de aktuelle materialer/avfallstyper, jf. oppdatert mal fra Miljødirektoratet 2022.



2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrensar, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grensar for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter dette løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utsifting av utstyr

Ved utsifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillere prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet, jf. punkt 2.3. Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg - utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.7.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Avgrensingar for utslepp

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha utslepp frå punktkjelder.



3.1.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, for eksempel avrenning frå lagerområda og områda for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal reduserast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sitt uteareal skal handsamast slik at det ikkje kan medføre skade eller ulempe for miljøet.

Eventuelt oljeholdig avløpsvatn frå vaskeplass, verkstad e.l. skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller liknande reinseanretning.

3.1.3 Reduserande tiltak utslepp

Overflatevatn frå område rundt anlegget og takvatn skal først utanom avfallsanlegget.

Reingjering av dekke, golv, konteinerar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

Statsforvaltaren kan pålegge verksemda å etablere reinseinretning for eventuelle utslepp av forureina overflatevatn.

3.2 Sanitæravløpsvann

Kommunen er mynde for regulering av vatn frå sanitæravløp frå verksemda.

4 Utslepp til luft

4.1 Reduserande tiltak for utslepp

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

4.2 Lukt

4.2.1 Avgrensing av lukt

Verksemda skal drivast slik at luktlempen til omgjevnadene vert avgrensa mest mogleg. Frekvensen av plagsam lukt ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad

4.2.2 Vurdering av risiko for lukt

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar av utstyr og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.2.3 Plan for handtering av lukt, kommunikasjon og registrering av klage

Verksemda skal ha ein plan for handtering av lukthendingar og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*.

Verksemda skal informere Statsforvaltaren og naboar når det vert planlagt aktivitet som kan føre til mellombels auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr el. kan føre til auka luktplager.



Verksemnda skal ha eit system for registrering av luktklagar som skal knytast til stad og tid. Klagen skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar, og skal rapporterast til Statsforvaltaren i samsvar med punkt 11.5.

4.2.4 Førebyggjande tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal verksemnda setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Verksemnda skal ha ein driftsplan som sikrar at drifta fører til avgrensa luktulempar. Planen skal vere utarbeidd i samsvar med tilrådingane gitt i vedlegg 4 i Miljødirektoratet sin rettleiar TA 3019/2013 *Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold, skal driftsplanen oppdaterast. Verksemnda skal dagleg føre driftslogg, for å kunne dokumentere at driftsplanen vert følgd.

4.3 Støv

Verksemnda skal ikkje føre til nemneverdige støvulempar for nærliggande naboar. Verksemd skal om nødvendig setja inn tiltak for å dempe eventuelle støvplager. Det skal førast logg over eventuelle klagar på støv frå verksemnda.

5 Grunnforureining

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina grunn utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrengingrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 26, eller ha løyve etter forureiningslova.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll. Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar

Tillatelse nr. 2022.0094.T

Tillatelse gitt: 02.05.2022 | Sist endret: 02.05.2022

*Med tett dekke menes fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke for de aktuelle materialer/avfallstyper, jf. oppdatert mal fra Miljødirektoratet 2022.



verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁷

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, seljast eller brukast utan at dei følgjer krava i REACH-regelverket og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade.

Dag måndag - laurdag 07-19	Kveld måndag-fredag 19-23	Ekstraordinær drift, jf. pkt.1.1 08-20
LpAekv12	LpAekv4	LpAekv12
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt området og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene. Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

8 Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift i anlegget. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda.

9.1.1 Mottak av avfall

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll som sikrar at avfall som kjem inn til anlegget, er i samsvar med løyvet. Verksemda må sørge for at avfallet blir sortert ut og handtert på ein forsvarleg måte med omsyn til miljøet. Avfall som ikkje er i samsvar med løyvet, må enten returnerast til avfallsprodusenten eller så raskt som mogleg vidaresendast til eit godkjent mottak. Ulovleg avfall som kjem inn, skal registrerast som avvik, og avfallsprodusenten skal varslast om feilleveringa. Mottakskontrollen skal også omfatte eit aktivt system og rutinar som hindrar at slike forhold gjentek seg.

9.1.2 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje fører til nemneverdig forureining av grunn eller overflatevatn.

Tillatelse nr. 2022.0094.T

Tillatelse gitt: 02.05.2022 | Sist endret: 02.05.2022

*Med tett dekke menes fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke for de aktuelle materialer/avfallstyper, jf. oppdatert mal fra Miljødirektoratet 2022.



I tillegg gjeld følgande:

- All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Beredskap.
- Verksemda skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er lagra.
- Avfall skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merkt slik at det går fram kva som er lagra.
- Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danne farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
- Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreieing og etablering av framande, skadelege artar. Risikoen for spreieing av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. www.artsdatabanken.no.

9.1.3 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Verksemda skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Systemet må tilpassast i forhold til om avfallet kjem frå innsamling av hushaldsavfall og næringsavfall. Ved evt. prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengd avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengde avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år.

9.1.4 Kompetanse

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre mottatt avfall slik at det ikkje oppstår utslepp eller fører til forverring av miljøet. Alle som handterer farleg avfall i verksemda skal ha dokumentert opplæring i slik handtering. Verksemda skal i tillegg rå over tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko for verksemda si.

9.2 Særskilt handsaming av enkelte typar avfall

9.2.1 Farleg avfall

Ved mottak av farleg avfall skal verksemda ha eit system som sikrar at farleg avfall som er tatt imot, er deklarerert eller lovleg importert. All deklarasjon skal skje via avfallsdeklarasjon.

Farleg avfall skal lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining, jf. vedlegg 4 til kapittel 11 i avfallsforskrifta om minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall.

I tillegg gjeld følgjande krav og presiseringar:

- Farleg avfall skal ikkje blandast med ordinært avfall
- Fortynning av mottatt farleg avfall for å unngå klassifisering som farleg avfall, er ikkje tillate
- Verksemda skal etablere tilstrekkelege rutinar og system for raskt å oppdage og korrigere avvik som lekkasjar og anna.
- Verksemda skal ha kart over lageret med farleg avfall der det går fram kvar dei ymse typane av farleg avfall er lagra.
- Lagra farleg avfall skal vere merka slik at det viser innhaldet som er lagra. Emballasjen skal vere eintydig merka med avfallsstoffnummer og avfallstype.



- All lagring av farleg avfall skal gå føre under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning.

9.2.2 Lagring av EE-avfall

Mottak, sortering og mellombels lagring av EE-avfall skal skje på fast dekke og i egne konteinerar egna for føremålet.

EE-avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall.

9.2.3 Lagring og handtering av overflatebehandlet og impregnert trevirke

Mottak, sortering, og mellombels lagring av overflatebehandlet og impregnert trevirke skal skje under tak og på tett dekke med oppsamling av eventuell avrenning.

Kverning av impregnert trevirke skal skje innendørs på tett dekke med oppsamling av eventuell avrenning.

9.2.4 Lagring av kasserte fritidsbåtar

Verksemda kan ta imot og mellombels lagre kasserte fritidsbåtar på inntil 15 fot på anlegget. Det skal førast journal over fritidsbåtane som takast inn og ut av anlegget. Båtane skal lagrast slik at dei ikkje medfører fare for forureining.

9.2.5 Lagring og handtering av kasserte campingvogner

Verksemda kan ta imot, mellombels lagre og demonter kasserte campingvogner.

Verksemda må som minimum følge kravet i avfallsforskrifta kap. 4 ved demontering av campingvogner. Campingvognene, både usanerte og sanerte, skal lagrast slik at dei ikkje medfører fare for forureining.

Ved mottak av kasserte campingvogner skal dei vurderast og handsamast slik at dei ikkje utgjer ein fare for forureining. Miljøfarlege væsker og delar som kan innehalde stoffar skal fjernast så raskt som mogleg og seinast innan 2 ukar. Campingvogner som utgjer ein miljøfare skal demonterast med ein gong og utan unødig opphald.

Mellomlagring av farleg avfall frå demontering av campingvogner skal skje i tråd med vilkår 9.2.1. Anna avfall skal handsamast forsvarleg og ikkje føre til forureining.

9.2.6 Lagring av våtorganisk avfall

Mottak og mellombels lagring av våtorganisk avfall skal skje i tette konteinerar med lokk. Ved omlasting av avfallet skal det skje slik at det ikkje er til ulempe for naboar. Våtorganisk avfall kan lagrast inntil 5 døgn.

9.2.7 Mellomlagring av smittefarleg avfall

Følgande krav gjeld for mottak og mellombels lagring av smittefarleg avfall:

- Lager for smittefarleg avfall skal vere inne, tydeleg skilt frå anna type avfall.
- Lageret skal kunne låsast og vere sikra mot uvedkommande.
- Avfallet skal lagrast så kort som mogleg, og ikkje over 28 dagar. Lagring over eit døgn skal skje under +4°C.



- Avfallet skal lagrast i egne kasser som er sikra mot støtt og held på fukt, slik at ein hindrar avrenning.
- Lokala som brukast skal kunne desinfiserast.
- Verksemda skal dokumentere kor avfallet kjem frå, mengde, type, korleis det er handsama og transportert. Dokumentasjon skal bevarast i minst tre år, og kunne leggest fram for aktuelle myndigheiter.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll

11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal kartleggje alle utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4)

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte; prøvetaking, analyse, utrekning og evt. volumstrømsmåling.

Målingane skal utførast slik at dei vert representative for dei faktiske utsleppa til verksemda og dei skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdier fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (prøvetaking - analyse - utrekning og evt. volumstrømsmåling) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømsmåling, prøvetaking og analyse vert utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver.



11.4 Program for utsløppskontroll

Verksemnda skal ha eit program for utsløppskontroll som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll. I programmet skal verksemnda gjere greie for dei kartlagde utsløppa (punkt 11.1 første ledd), gjennomføringa av utsløppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3)

Programmet for utsløppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing der dei faktiske utsløppa verksemnda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsløppstraumar
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling - prøvetaking - analyse - utrekning) for kvar straum og komponent
- ei grunngiving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsløppskontroll skal haldast oppdatert, jf. vilkår 14.2

11.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Rapportering til Statsforvaltaren innan 1. mars kvart år skal verksemnda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no når dette vert etablert for avfallsanlegg. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsløppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemnda si eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no.

Verksemnda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

Det er ikkje satt krav til miljøovervaking. Statsforvalteren kan ved høve sette krav til miljøovervaking.

13 Tiltak for forebygging og beredskap mot akutt forurensning

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemnda skal vurdere resultatata med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemnda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flaum m.v. og framtidige klimaendringar.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan verte råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Forebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemnda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisiko. Dette gjeld både

Tillatelse nr. 2022.0094.T

Tillatelse gitt: 02.05.2022 | Sist endret: 02.05.2022

*Med tett dekke menes fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke for de aktuelle materialer/avfallstyper, jf. oppdatert mal fra Miljødirektoratet 2022.



sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står at etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvtpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utgreiing av utslepp til vatn

Verksemda skal kartleggje/gjere greie for innhald av forureining inkludert prioriterte miljøgifter i diffuse utslepp frå overflateavrenning ved å;

- identifisere kva for stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Verksemda skal utføre nødvendige målingar for å kunne avgjere innhald av dei ulike stoffa i utsleppa
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse utsleppa



Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1.8.2023.

14.2 Utarbeiding av program for utsleppskontroll

Verksemda skal utarbeid eit program for utsleppskontroll innan 01.01.2024

15 Eigarskifte, omdanning m.v.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdrege til ny eigar, fisjonerer/fusjonerer får ny eigar med avgjerande innverknad, på annan måte endrar eigarstruktur eller overfører forureinande verksemd til nytt ansvarleg forma, skal det sendast melding til Statsforvaltaren så snart som råd og seinast ein månad etter eigarskiftet. Eit eigarskifte fører ikkje til endring/bortfall av den finansielle sikringa stilt av selskapet og/eller sikring stilt av tredjepart, bankgaranti medrekna. Statsforvaltaren kan etter søknad frå driftsansvarleg selskap, eigar eller mogleg framtidig eigar, godkjenne endringar/ombyte av garantiar og sikringar stilt av eigar og/eller bank dersom det kan dokumenterast at dette vil gi tilfredsstillande sikring.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdrege, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med avgjerande innverknad, eller på annan måte vert omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren.

16 Nedlegging

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet gjeld vidare inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹³. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukne kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.



17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.